



EIDFJORD  
KOMMUNE

---

# RAPPORT TEMAMØTER 2023

RULLERING AV  
KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL  
EIDFJORD KOMMUNE

---



Foto: Anne Kommedal

## Føremål med temamøter

Eidfjord kommune starta opp prosessen med rullering av kommuneplanen sin arealdel i haust 2021. I løpet av våren 2022 utarbeida me planprogram for å settja rammene for planprosessen. Gjennom hausten 2022 har me gjennomført folkemøter i dei ulike bygdesentrene i kommunen; Bu, Eidfjord, Øvre Eidfjord og Sysendalen. For vinter 2023 står gjennomføring av temamøter på planen.

Folkemøta hadde fokus på dialog, tankar og innspel frå bygdas innbyggjare i opne forum. Det vert lagt opp til lågterskel dialog og drøfting av spørsmål. Nokre av temaa som gjekk igjen på tvers av folkemøta var:

- Nytt bustadareal
- Næringsareal for næringsutvikling
- Fritidsbustadbygging – natur
- Sentrumsområda i Eidfjord
- Gang- og sykkelveg
- Hardangerviddatunnel

Ut i frå tematikk som kom fram under folkemøta har me utforma folkemøta. Hovudpunkta vert sortert i innbyggjar- og turistperspektivet gjennom heilårsstaden Eidfjord og stoppestaden Eidfjord. Det konkrete møtet tek opp kvar sine punkter frå temalista.

Føremålet med temamøta er å reflektera rundt tankar med bakgrunn i folkemøta, gjennom problemstillingar og drøfting av forslag til løysingar. Temamøta skal gi oss vidare tankar for korleis me gjennom planlegginga kan leggja til rette for eit funksjonelt og robust samfunn som legg til rette for innbyggjar og vitjande.

- Heilårsstaden Eidfjord  
*Fokusområde: bustad, næring, fritidsbustadbygging*
- Stoppestaden Eidfjord  
*Fokusområde: næring, trafikk, turisme*

Prosjektleiara for kommuneplanen sin arealdel gav ein introduksjon til tematikken frå folkemøta og funksjonen til kommuneplanar. Det vert og orientert om prosessen vidare, og kva tidshorisont prosjektet har. I temamøtet ligg presentasjonen som ein raud tråd, som opnar for diskusjon rundt konkrete element og problemstillingar.


Kommunen stilte med representantar frå prosjektgruppa og styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel. Representantane tok del i drøftinga av problemstillingar samen med publikum.

# Heilårsstaden Eidfjord

Dato: 28.02.2023, Kinosalen

Fokusområde: bustad, næring, fritidsbustadbygging

Folkemøter: konkrete element som kom fram...



## Bustad

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel har Eidfjord kommune som målsetnad å tilretteleggja for eit attraktivt og fortetta sentrum med leilegheiter og forretningar, trivelege, levande og pulserande sentrum med møte- og fleirbruksplassar, gode løysingar for parkering og gangavstand og godt omdømme.

*Kva type bustad skal me tilretteleggja for, og kor? Me må basera val på områder, tilgang til tenester og kva innbyggjarar me tilretteleggja for. Fylgjande kom opp i møtet:*

- Viktig å tilretteleggja for differensierte bustadområder med ulike samansetningar av bustadtyper
- Sikra kommunen som ein utbyggjar, men gjerna i samband med eksterne aktørar
- Sjå til mellom anna Husbanken som ein aktør med gode løysingar
- Utforska aspektet med sambruk av fellesområde. Til dømes mindre einingar med fellesdel for arrangement ol.
- Må tenke smart grunna låg tilgang på areal
- Tilretteleggja for ulike innbyggjargrupper

Det vert drøfta kvifor folk vel å flytta til bygda, både attendeflyttande folk men også nytilflyttarar. Det vert peika på elementet at mange trekkast til bygda grunna rimelege eigedommar og bustader. Mange har fokus på at ein på bygda får meir areal både i tomt og bustad. Det vert peika på fellesnemnaren med utsikt og sol som hovudpunkt under attraktive tomter.

Temaet om småbruk er spennande i lys av bygdesamfunnet; mange vel bygda for å kunna leva nærmare naturen og vera til dels sjølvforsynte. Det vert drøfta moglegheita og ynskje for å leggja til rette for større tomter, som gjerna opna for bruk til landbruk-småbruk.

## Næring

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for næringa gjennom målet arbeidskommune Eidfjord. Det er ei målsetnad å vera ein vertskapskommune for næringslivet, det skal vera enkelt å etablera bedrifter, me skal ha eit livskraftig landbruk, sikra arbeidsplassar i offentleg sektor, støtta ved kvalitet- og kompetanseheving. Det skal vera samhandling mellom kommune, næringsliv og andre aktørar.

*Kva næring ynskja me, og kor ynskja me næringa plassert? Ein må i vurderinga tenkja på eigna områder, tilkomst og infrastruktur og kva konsekvensar det har for mellom anna kulturminne, landskap, naturmangfald og landbruk.*

Eidfjord kommune sin arbeidsstokk er knytt til kommune, byggjeindustrien og turisme. Næringa er mykje basert på fritidsbustadbygging og tenester til denne kundegruppa, samt gjennom sentrumsområda med handel, tilbod og aktivitetar som er retta mot turistar. Eidfjord ligg langs Rv7 og har dette som eit kundegrunnlag som kan utnyttast ytterlegare. Eidfjord har mange gjennomreisene som stoppar for å handla, lada, nytta toalett. Desse korte stoppa er potensial for ein stor kundebase.

Det vert drøfta næringsareal på Bu, i Simadal, i Eidfjord og i Sysendalen.

Punkt om nyetablering og ny industri vert drøfta i form av akvakultur. Akvakultur i sjøbaserte opplegg er i vinden, og kommunen har gjennom åra fått fleire førespurnader. Det var ulike meiningar knytt til akvakultur i salen, men fellesnemnaren var å vera varsam med etablering. Teknologien har utvikla seg, og teiknar eit anna bilete enn for 10 år sidan. Me må uansett sjå dette i samheng med ein etter trafikklyssystemet for produksjonsområde for oppdrett ligg Hardangerfjorden som rød fjord med moden produksjonskapasitet. Det er eit spørsmål i samband med påverknad med mellomanna villaks og med landskapsverknader.

## Fritidsbustad

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for at Eidfjord kommune skal tilretteleggja for utbygging av fritidsbustader. Ein skal ha ei berekraftig auke i tal fritidsbustader, forsterka løypetilbodet i Sysendalen og leggja til rette for at fritidsbustadeigaren er ein del av innbyggjarane i kommunen.

Sysendalen har i dag i overkant av 1300 bygde fritidsbustadeiningar. Det er regulert totalt rundt 2800 fritidsbustadeiningar. Dette syner at me er rundt halvvegs i utbygginga. Me er på eit punkt kor me må drøfta korleis fritidsbustadområda i Eidfjord skal sjå ut. Korleis skal framtidig utbygging bli?


- Halda fritidsbustadsatsinga i Sysendalen
- Fokus på å ivareta natur- og rekreasjonsområde
- Det vert stilt spørsmål om å ta ein pust i bakken på nye fritidsbustadfelt
- Sikra godt løypenett internt i Sysendalen, halda ferdsel i nærområdet
- Utvikling av tilbod til fritidsbustadbrukarane; næring, løyper, aktivitetar

# Stoppestaden Eidfjord

Dato: 28.02.2023, Kinosalen kulturfløyen

Fokusområde: næring, trafikk, turisme

Folkemøter: konkrete element som kom fram...



## Eidfjord sentrum

Sentrumsareala i Eidfjord er prega av veg, trafikk og bygningar utvikla gjennom mange år. Kommuneplanen sin samfunnsdel legger fokus på eit attraktivt og fortetta sentrumsområde med leilegheiter og forretningar. Sentrum skal vera triveleg, levande og pulserande med møte- og fleirbruksstader.

Korleis vil me utforma sentrumsområda? Kva verdiar vil me trekka fram i Eidfjord?

- Etablere ein leikeplass/aktivitetspark i sentrumsområde. Tilbod til innbyggjarar og besøkande ved lading, handel, besøk.
- Handtera mengda personbilar gjennom eit parkeringshus i sentrum. Utnytta areal godt, samla bilar og redusere mengda bilar i sentrum.
- Setja byggjegrensar mot Riksveg 7. Definerer korleis me ynskjer å utnytta sentrumsområda ved fortetting langs hovudvegen. Mogleg leggja opp til gatestruktur langs hovudvegen.
- Løysa handtering av cruiseverksemda. Tilretteleggja for gangsoner og køyremønster slik ein unngår konflikt mellom harde og mjuke trafikkantar.
- Tilretteleggja for informasjon til besøkande via digitale skjermar med oppdaterte kart, informasjon og reklame.

## Trafikk

Riksveg 7 som hovudtransportåra frå aust til vest. Det er mykje trafikk på veg, på parkeringar og i kryss i sentrum. I frå kommuneplanen sin samfunnsdel er det lagt føringar for å sikra gode løysingar for parkering i sentrum og halda gangavstand til «det mesta».

Korleis skal me handtera straumen av besøkande og gjennomreisene i kommunen? Korleis kan me utbetra trafikkfloka?

Gjennom sentrumsområda er det ynskje om å senka fartsgrensa. Områda er uoversiktlege og det er mykje myke trafikkantar.

Gjennom vår, sommar og haustsesongen er det stort press frå bubilturismen. I Eidfjord har ein fleire gode tilrettelagte campingplassar med alle tilbod til camping- og bubilturisten. Ein ser ein vaksande trend kor bubilturistar berre ynskjer ein parkeringsplass gjerna i nærleiken av sjø med utsikt. Det ver stilt spørsmål om ein vil kunna få bukt på deler av problematikken ved å tilretteleggja for bubilparkering på Bu og i Simadal.

Det er ynskje å prioritera Hardangerviddatunnel over Hardangervidda. Dette for å sikra vinteropen veg, verna om villrein og senka tidsbruken frå aust til vest. Lokalt er det ynskje om sikker veg aust-vest, dog vil mogleg denne satsinga gå ut over Rv7-nasjonale turistvegar si satsing.

### Turisme i Eidfjord

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg opp til Eidfjord som ein opplevings- og besøkskommune. Eidfjord har lenge vore ein turistdestinasjon, og turismen er aukande i alle former for framkomstmiddel. Eidfjord kommune skal tilretteleggja for auka turisme. Det skal satsast på større reiselivsomsetning, betre kapasitetsutnytting og næringsvekst.

Korleis skal ein handtera turismen i Eidfjord? Kva attraksjonar/oplevingar vil me vera kjent for?

Eidfjord har stort løypenett på Hardangervidda som er kjent for mange. Dog kan ein spør kva ein ser som Eidfjord sin «Dronningsti». Det kom forslag om å utnytte fjellområda i Simadal til ein «Dronningsti i Eidfjord».

Gondolbane har vore eit heit tema i media dei siste åra, tanken svirra i Eidfjord òg. Det vart kontra med spørsmålet: treng me gondolbane på alle nutar i Hardanger?

Fleire i salen mimra attende til korleis gamlevegen i Måbødalen vart brukt før i tida. På noverande tidspunkt er store deler av gamlevegen i Måbødalen stengt grunna stor rasfare. Det er ynskje om å revitalisera gamlevegen i Måbødalen til det kulturminne vegsystemet er.